FORSLAG TIL RAMMEAVTALE OM VEDLIKEHALD OG VIDAREUTVIKLING AV BOKMÅLSORDBOKA OG NYNORSKORDBOKA OG NORSK ORDBANK (BOKMÅL OG NYNORSK)

1 Partar
Partane i denne avtalen er Universitetet i Oslo, ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN), og Språkrådet som er eigarane av Bokmålsordboka, Nynorskordboka, Ordbanken for bokmål og Ordbanken for nynorsk.

2 Premissar
2.1
Avtalen er forankra i «Avtale mellom Universitetet i Oslo ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier og Språkrådet om Bokmålsordboka, Nynorskordboka og Norsk ordbank» underteikna 5. og 7. mai 2008 (Intensjonsavtalen) og «Avtale om presisering av ordlyden i avtale undertegnet hhv. 5. og 7. mai 2008 mellom Universitetet i Oslo ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier og Språkrådet om Bokmålsordboka, Nynorskordboka og Norsk ordbank» (Presiseringsavtalen).
2.2
Samarbeidet mellom partane kviler på gjeldande reglar for opphavsrett.

3 Avtaleobjekt
Avtalen dreiar seg om objekta (1) Bokmålsordboka (BOB), (2) Nynorskordboka (NOB), (3) Ordbanken for bokmål (OB) og (4) Ordbanken for nynorsk (ON).

4 Føremål
4.1
Avtalen konkretiserer Intensjonsavtalen og Presiseringsavtalen i høve til langsiktig drift og utvikling av BOB, NOB, OB og ON som offentleg tenestetilbod.
4.2
Føremålet er å sikre at BOB, NOB, OB og ON blir drifta slik at dei ligg føre som ei varig, stabil, fritt tilgjengeleg og gratis publikumsteneste over Internett, som kjelde til kvalitetssikra og oppdatert informasjon om normert rettskriving og om vanleg språkbruk for skriftmåla nynorsk og bokmål. Vidare er formålet å sikre at BOB, NOB, OB og ON blir vedlikehaldne og utvikla mest mogleg effektivt og rasjonelt i samsvar med samfunnsbehov for informasjon om nynorsk og bokmål.

5 Roller og ansvarsdeling
5.1
Ansvaret for BOB, NOB, OB og ON føreset tett samarbeid og sameinte løysingar. Språkrådet har ansvar for å få avgjort normeringsspørsmål, om naudsynt gjennom avklaring med Kulturdepartementet. Språkrådet har ansvaret for at normeringsvedtak blir uttrykt på ein operasjonell måte tilpassa ordbanken. ILN skal stå for drifta og vedlikehaldet av ordbokdatabasane og dei tilhøyrande nettsidene hos Universitetet i Oslo. ILN har ansvar for å følgje opp normeringsvedtaka. Partane er samde om at dette arbeidet krev forskingskompetanse innanfor nordisk språkvitskap generelt, leksikografi spesielt og IKT.

5.2
Båe partar har ansvar for å ta initiativ til ønskjeleg utvikling og forbetring av BOB, NOB, OB og ON, både i høve til leksikografi og IKT.

6 Drift av BOB, NOB, OB og ON
6.1
ILN har ansvar for drifta og administreringa av BOB, NOB, OB og ON.
6.2
Språkrådet og ILN har saman ansvaret for å finansiere det arbeidet som skal til for å drifte og vedlikehalde BOB, NOB, OB og ON kontinuerleg.

7 Periodisk utvikling og oppgradering av BOB, NOB, OB og ON
7.1
Utviklingstiltak utover ramma for drift skal planleggjast og vedtakast i eigen avtale før dei blir sette i verk. Slike avtalar skal ha tidsramme, kostnadsramme og prioritert spesifikasjon av oppdrag.
7.2
Det bør normalt påreknast oppgradering om lag kvart femte år, både når det gjeld leksikografi og IKT.
7.3
Båe partar skal ha ordningar for å ta imot, registrere og utveksle merknader frå brukarar av BOB, NOB, OB og ON.

8 Publisering og marknadsføring
Språkrådet og ILN skal kvar for seg informere om ordbøkene på nettsidene og i andre samanhengar og skal ha lenkje til ordbøkene frå nettsidene sine.

9 Finansiering
9.1
Alle inntekter genererte frå BOB, NOB, OB og ON skal brukast til drift og utvikling av BOB, NOB, OB og ON (jf. § 4 i Intensjonsavtalen).
9.2
For administreringa reknar ILN 1 månadsverk per år, p.t. kr 63 000. Summen vert indeksregulert kvart år.
9.3
Finansiering av utviklingstiltak for BOB, NOB, OB og ON som krev eigen avtale, blir fastsett av partane i samband med avtaleinngåing.

10 Administrasjon
10.1
Partane, representerte ved instituttleiar ved ILN og direktøren i Språkrådet, har det øvste ansvaret for BOB, NOB, OB og ON, og utgjer ei styringsgruppe for alt samarbeid som kjem inn under denne

avtalen. Styringsgruppa skal møtast minst éin gong i året for å planleggje og godkjenne arbeidet med BOB, NOB, OB og ON. Søknader om midlar til BOB, NOB, OB og ON (ordbanken) skal godkjennast av styringsgruppa.

10.2

Partane oppnemner eit arbeidsutval som har til oppgåve å gi tilrådingar om vedtak til styringsgruppa. Arbeidsutvalet skal vere samansett av ein redaktør frå kvar av ordbøkene, ein representant frå Tekstlaboratoriet, ein representant frå EDD og to frå Språkrådet.

10.3

Arbeidsutvalet har møte minst to gonger i året eller når det er naudsynt.

10.4

Arbeidsutvalet handsamar saker som gjeld BOB, NOB, OB og ON, gir tilrådingar om vedtak for partane, og rapporterer kvart år til partane om drift, vedlikehald og arbeidet i utviklingstiltaka.

10.5

Arbeidsutvalet har ansvar for å planleggje og greie ut utviklingstiltak for BOB, NOB, OB og ON, og gjer framlegg om kontaktperson/ansvarleg for dei enkelte utviklingstiltaka.

10.6

Dei ansvarlege redaktørane har det leksikografifaglege ansvaret for redigeringa av ordbøkene. Redaktøransvaret inneber blant anna lemmautval, definisjonar og informasjon om bruksmåtar, eksemplifisering o.a.

Dei ansvarlege redaktørane skal halde arbeidsutvalet orientert. Redaktørane har også ansvaret for kontinuerleg oppdatering av innhaldet i ordbøkene.

11 Avtale med tredjepart

Partane kan saman inngå avtale med tredjepart om bruk av BOB, NOB, OB og ON, føresett at det ikkje er til skade for formålet med denne avtalen. Dei kan utnemne ein felles kontaktperson i kontakten med tredjepart. Arbeidsutvalet har rett til å uttale seg før slike avtaler blir inngått.

12 Varigheit og endringar

Rammeavtalen varer til ein av partane seier han opp. Oppseiingstida er seks månader. Partane kan i fellesskap gjere endringar i avtalen.

13 Usemje og tvister

Dersom det oppstår usemje eller tvist mellom partane, skal ein freiste å løyse dette gjennom forhandlingar.